




## INNKALLING TIL STYREMØTE




<b>Stad:</b>	Skjenet
<b>Dato:</b>	11.02.2019
<b>Tid:</b>	12:30-15:00

01/19	<b>Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte</b>	 Referat styremøte 17.09.2018.docx
02/19	<p><b>Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane 2019</b></p> <p>Fylkesmannen inviterar kommunane til å søkje om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjøn) for 2019.</p> <p>I denne søknadsrunden skal Fylkesmannen fordele 27,6 mill. kroner til prosjektskjøn og generell fordeling.</p> <p>Regionråda blir bedd om å vurdere søknadene og prioritere og grunngje prioriteringane av søknadene som er kome inn til Fylkesmannen. Nytt av året er at Fylkesmannen også legg opp til at KS-Hordaland skal ha same rolle som regionrådet, og sende sine prioriteringar inn til Fylkesmannen.</p> <p><i>Følgjande området vert prioritert frå Fylkesmannen:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <i>Kommunale tenester til:</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Helse og omsorg t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri</i></li> <li>- <i>Barnehage- og skulemiljø</i></li> <li>- <i>Barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep</i></li> </ul> </li> <li>2. <i>Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald:</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Samfunnsprosjekt som gjer at flest mogleg av kommunane i fylket brukar same kompetanse- og teknologiplattform, vert prioritert</i></li> </ul> </li> <li>3. <i>Samfunnsutvikling til dømes på desse områda:</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>Rekruttering</i></li> <li>- <i>Interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur</i></li> <li>- <i>Kommunale planverktøy og digitale kart</i></li> <li>- <i>Samfunnstryggleik og beredskap</i></li> <li>- <i>Klimatilpassing eller tiltak for å redusere klimagassutslepp</i></li> </ul> </li> <li>4. <i>Interkommunale utviklingsprosjekt:</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <i>utgreiingar som grunnlag for vidare prosessar i kommunereforma</i></li> <li>- <i>tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma</i></li> <li>- <i>samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga</i></li> </ul> </li> </ol> <p>Sekretariatet for Regionrådet Vest har fått inn fire søknader på Fylkesmannen sine skjønsmidlar for 2019, som fordel seg på to av desse punkta.</p>	

**Punkt 1: Kommunale tenester til: Helse og omsorg og auka krav innanfor rus og psykiatri, barnehage- og skulemiljø og barnevern**

Namn på Prosjektet	Deltakarkommunar	Vedlegg
Førebyggjande rustiltak for ungdom i Fjell, Sund og Øygarden kommunar	Fjell, Sund og Øygarden	 Prosjektskjønn-Søknad rustiltak.pdf  Førebyggjande rustiltak for ungdom

Namn på Prosjektet	Deltakarkommunar	Vedlegg
Digitalisering i omsorgstenesta	Fjell, Sund og Øygarden	 Digitalisering i omsorgstenesta søk  Digitalisering budsjett 2019 skjøn:

Namn på Prosjektet	Deltakarkommunar	Vedlegg
Rehabilitering Først	Fjell, Sund og Øygarden	 Rehabilitering Først.pdf  Pilot TVERRFAGELEGE VU  Budsjett rehabilitering først :

**Punkt 3: Samfunnsutvikling**

Namn på Prosjektet	Deltakarkommunar	Vedlegg
Samarbeidsarena for kompetanse og arbeidskraft	Fjell, Sund, Øygarden og Askøy	Vert ettersendt

03/19

**Referatsakar**

Årsmelding 2018 for Regionrådet

Tilbakemelding frå møte «arbeidsutvalet for nye Vestland fylkeskommune møter regionen»- Kari-Anne Landro referere frå dette dialogmøtet.

Erfaringsseminar om grunnlag for utvikling av regionråda. Kari-Anne Landro og Børge Haugetun reiser til Førde 15.feb for å delta på dette seminaret. Er det grunnlag for dagens regionråd?

Årsmeldinga vert ettersendt

04/14

**Ymse**

Møteplan

Møteplan  
2019.docx



## Referat frå styremøte

<b>Stad:</b>	Skjenet
<b>Dato:</b>	17.09.2018
<b>Tid:</b>	13.00 -14.00
<b>Desse møtte:</b>	Kari-Anne Landro ( møteleiar), Marianne Sandahl Bjorøy, Lillian Torsvik, Siri Falhvik Pettersen og Rune Lid.  Informasjonsrådgjevar Vignleik Brekke og Inger Elin Hetlevik (møtesekretær).
<b>Andre:</b>	Sigmund Kvernes, Gode Sirklar, Atle Dāvøy, leiar i styringsgruppa for gründerparken og Tom Georg Indrevik, styreleiar i Gode Sirklar
<b>Forfall:</b>	Børge Haugetun

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
13/18	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Godkjent- ingen merknadar.  Regionrådsmøtet var i utgangspunktet avlyst, men så dukka det opp sak om Grunderparken Vest som har betydning for budsjettarbeidet som kommunene held på med i desse dagar, så då vart det likevel kalla inn til eit møte, med kort frist.
14/18	Gründerparken Vest	Leiar i styringsgruppa for Gründerparken Vest, Atle Dāvøy, gav regionrådet ein orientering om status for Gründerparken. Kommunane har til no løyvd midlar over to år til Gründerparken Vest. Atle Dāvøy fortel at gründerparken stort sett har vore fylt opp med gründerne og at det har vore stabilt med framleie. Ein har brukt pengar på å ruste opp lokalene, noko som gav negativt resultat i 2017. Dei har redusert drifta for 2018 og har eit meir balansert budjett for dette året. Samarbeidsavtalen med Gode Sirklar, Sartor Senter og Vest næringsråd går ut 31.12.18 og ein må no avklare lokalitetane og organiseringa framover. Skal gründerparken være ein sjølvstendig eining? Inngå i Øygarden næring og utviklingselskap?  I saksutgreinga til regionrådet går det fram at det er mogleg å vidareføra parken ved å mellom anna samarbeida med Nyskapingsparken BTO. Det er ønske om å flytta gründerparken frå noverande lokale på Sartor Storsenter til Straume Teknologisenter i Straume Næringspark. Det er føreslått ein ny driftsmodell der Vest Næringsråd er prosjektansvarleg for gründerparken, men at det vert lagt opp til eit klarare skilje mellom drift av Vest Næringsråd og Gründerparken Vest.

		<p>I protokoll frå styret i Gode Sirklar ( som låg ved innkallinga til møtet) vert det rådd til at Gründerparken Vest vert vidareført og vidareutvikla med støtte frå kommunane Sund, Fjell og Øygarden med 1,5 millionar kroner. Det heiter vidare at samarbeidsavtalen for gründerparken vert revidert, der Gode Sirklar AS og Vest Næringsrådet sine oppgåve vert reviderte i samsvar med ein ny driftsmodell</p> <p><u>Konklusjon:</u> Regionrådet ser positivt på det å ha eit lokal grundermiljø, men ser at det må gjerast eit arbeid for å koma fram til ein permanent modell for ein lokal grunderpark.</p> <p>Det må snarast spelast inn eit detaljert budsjettforslag og underlag frå styringsgruppa i grunderparken vest for søknad om stønad frå kommunane til vidare drift av grunderparken, slik at dette kan koma til vurdering i dei budsjettprosessane som no pågår i dei tre kommunane. Frist: 1. oktober</p> <p>Ein føresetnad for stønad frå kommunane må vera at det i 1. halvår 2019 vert utarbeidd eit forslag til modell for framtidig finansiering. Dette blir innspel til fellesnemnda for nye Øygarden kommune.</p>
15/18	Ymse	Ingen saker

# Prosjektskjønn Søknad

## Søker

Org. nr 951996777  
Navn Fjell Kommune  
Adresse Postboks 184  
5342 Straume  
Norge  
Kontaktperson MONIKA PEDERSEN (monica.pedersen@fjell.kommune.no)

## Prosjekt

Prosjektnummer 12-19-0012  
Prosjektnavn Førebyggjande rustiltak for ungdom i Fjell, Sund og Øygarden kommunar  
Søknadssum 1000000 kr  
Fra dato 31.01.2019  
Til dato 31.12.2021  
Prioritet 1

## Annen finansiering

kr 1000000 Fjell kommune 50%

## Samarbeidspartnere

Navn	Adresse	Kontaktperson
------	---------	---------------

### Utfordringene det skal taes tak i:

Søknaden om prosjektmidlar har si konkrete årsak i ei melding dagsett 17. januar 2019 som er kome frå lensmannen i regionen. Lensmannen er uroleg for utviklinga innan rusområdet for ungdomsgruppa og finn det viktig å melde frå om stoda. Kort summert handlar lensmannen si melding om følgjande: Omfanget av unge som rusar seg er aukande Dei rusar seg på andre ting enn cannabis Dei unge sine haldningar til narkotika, særskilt cannabis, er i endring Utfordsringsbiletet er nærare gjort greie for i ein heilskapleg søknad som er lasta opp som vedlegg og vi viser til denne.

### Styrke kommunen innen rollene:

- Tjenesteprodusent

### Mål og hvordan det skal gjennomføres:

Prosjektet sin målsetnad Hovudmål: Styrkje og koordinere førebyggjande innsatsar og rustiltak for ungdom mellom 13-18 år i kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Prosjektet sine delmål og heilskapleg søknad er lasta opp som vedlegg og vi viser til denne.

### Sektorer prosjektet omfatter:

- Oppvekst
  - Skole
  - Barnevern

### Virkemidler som skal benyttes:

- Interkommunale samarbeid
- Opplæring, erfaringsdeling og diskusjon
- Planlegging

- Annet
  - Førebyggjande innsatser og tiltak inn mot ungdom og rus
- Kommunehelse
- Organisatoriske

#### Begrunnelse for valg av virkemiddel/virkemidler:

Utfordringa knytt til ungdom og rus medfører trong for samhandling og oppfølging på tvers av kommunegrensar, samt trong for tverrfaglege og tverretatlege løysingar innan dei ulike tenesteområda i kommunane der innsatsar må setjast saman i ein handlingsplan.

#### Vedlegg:

[\\_Førebyggjande rustiltak for ungdom.pdf](#)

# Søknad om tilskot til førebyggjande rustiltak for ungdom i Fjell, Sund og Øygarden kommunar

<b>Kommune:</b>	Fjell kommune
<b>Søknadsbeløp:</b>	1 000 000
<b>Kommunens eigendel:</b>	1 000 000
<b>Kontaktinformasjon:</b>	Monica Pedersen
<b>Stilling i kommunen:</b>	Leiar flyktningar og tenesteutvikling
<b>Adresse:</b>	Postboks 184, 5342 STRAUME
<b>Telefon:</b>	90788612
<b>E-post:</b>	monica.pedersen@fjell.kommune.no

**Namn på prosjektet:** Førebyggjande rustiltak for ungdom i Fjell, Sund og Øygarden  
**Prosjektperiode:** 01.02.19 – 31.12.21

## 1. Bakgrunn for søknaden

Søknaden om prosjektmidlar har si konkrete årsak i ei melding dagsett 17. januar 2019 som er kome frå lensmannen i regionen. Lensmannen er uroleg for utviklinga innan rusområdet for ungdomsgruppa og finn det viktig å melde frå om stoda. Kort summert handlar lensmannen si melding om følgjande:

- Omfanget av unge som rusar seg er aukande
- Dei rusar seg på andre ting enn cannabis
- Dei unge sine haldningar til narkotika, særskilt cannabis, er i endring

Det vert elles særskilt gjort greie for at det auka omfanget av ungdom som rusar seg har medført at kapasitet innan eit viktig førebyggjande tiltak som avtale om rusmiddelkontroll er heilt sprengt. Det er per tid ikkje rom til at Helsestasjon for ungdom (HFU) kan ta i mot fleire i dette tiltaket, samstundes som politiet ser stor trong for at kapasitet vert utvida slik at fleire kan visast til avtale om rusmiddelkontroll. Erfaringa har vist at dette tiltaket fungerer effektivt og er førebyggjande i høve til å utvikle ein ruskarriere.

Avtale om rusmiddelkontroll er eit samarbeid mellom fleire aktørar (ungdommen sine foreldre, politi, helsestasjon for ungdom, o.a.). For ungdom under 18 år vil avtale om rusmiddelkontroll vera frivillig og foreldra spelar ei viktig rolle i gjennomføringa. Ungdom over 18 år som kjem i kontakt med politiet på grunn av bruk eller oppbevaring av narkotiske stoff, kan få påtaleunntaling med vilkår om avtale om rusmiddelkontroll. Når politiet sender ei avtale om rusmiddelkontroll til HFU så betyr dette både urinprøvetaking og støttesamtalar samt haldningsskapande arbeid, der ein konsultasjon tek førti minuttar.

## 2. Nærare om utfordringsbiletet

Rådmannen og politisk leiing tek meldinga frå lensmannen på høgste alvor og det vert no teke grep gjennom prosjektet for å setje i verk ei systematisk jobbing for å møte dei utfordringane som er skisserte.

Rusproblem hos ungdom kan gi store personlege og samfunnsmessige kostnader, og målet må vera å få ungdom rusfri. Det er mange aktørar som har ei rolle i dette arbeidet. Gode

samhandlingsrutinar er viktig, men også utfordrande, m.a. av di dei ulike aktørane har ansvar knytt til ulike periodar i ungdommens liv. Ei lang rekkje instansar, t.d. skule, helsestasjon, fastlege, politi og fritidstilbod i kommunen er i posisjon til å fanga opp begynnande rusmiddelproblematikk bland unge og utførar i dag ulike støtte- og hjelpetiltak.

Eit viktig moment er at den som får kjennskap til at ein ungdom har rusa seg, må kontakta foreldra og gi dei den informasjonen ein sit med. Foreldra spelar ein svært viktig rolle og har fleire moglege kontaktpunkt i og utanfor kommunen, t.d. skuleadministrasjon, helsesøster/helsestasjon for ungdom og politi.

For å få ei breiare oversikt over utfordringsbiletet har rådmannen allereie halde møte med sitt tenesteteam som vart utvida med deltaking av leiande helsesjukepleiar, barnevernsleiar og SLT-koordinator der også lokalavisa Vestnytt vart invitert inn i møtet.

Oppsummeringa etter møtet kan samanfattast slik:

1. Det er trong for å rusta opp kunnskap om rus generelt, og om farlege rusmedel spesielt, både hjå:
  - Ungdomen
  - Foreldra
  - Tilsette i kommunane
  - Friviljugheita, og andre
2. Det er trong for at meir heilskapleg kartlegging av utfordringsbiletet, samt koordinering av arbeidet med ungdom og rus for aldersgruppa 13 – 18 år.
3. Det er trong for ressursar under pkt. 2, til koordinerande innsatsar, samt t.d. oppretta funksjon som utekontakt. Det kom fram trong for meir ressursar til HFU, m.a. til å kunne følgje opp det førebyggjande arbeidet med avtale om rusmiddelkontroll. Vidare vart det teke opp trong for meir ressursar til helsesjukepleiar på ungdomskular.
4. Det er trong for samarbeid mellom kommune, Politi, Sartor senter, friviljugheit, media, o.a.
5. Ei forsterka innsats bør nedfellast i ein handlingplan som viser innsatsar og kven som gjer kva.

Ettersom utfordringsbiletet er kome opp etter at budsjettet er vedteke finn rådmannen at det vil vera krevjande å finna midlar til å setje i gong med avbøtande tiltak. Rådmannen søker dermed om prosjektmidlar som ei statleg dra hjelp til å hurtig få opp innsatsar i 2019, der kommunen vil stille opp med minst like stor innsats som det vert søkt om tilskot.

Rådmannen finn det naturleg å innlemma både Sund og Øygarden kommunar som ein del av innsats og tiltak som skal etablerast i prosjektet. Allereie neste år vil Fjell, Sund og Øygarden vera i saman i Nye Øygarden kommune. Det er elles ofte slik at ungdom trekkjer til region-sentra og særskilt inn mot Sartor senter på Straume slik at ungdom frå nabokommunane i stor mon vil kunne verte fanga opp der. Helsestasjon for ungdom som er lokalisert på Sartor senter, og som m.a. vert foreslått styrkja, allereie eit interkommunalt tilbod for dei tre kommunane. Barnevernstenesta mellom Fjell og Sund allereie blitt ei barnevernsteneste.



### 3. Prosjektet sin målsetnad

#### Hovudmål:

Styrkje og koordinere førebyggjande innsatsar og rustiltak for ungdom mellom 13-18 år i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

#### Delmål:

1. Planleggje og iverksetje ei opplæringspakke med mål å sikre auka kunnskap og kompetanse om rusmiddel og verknader, for aktuelle målgrupper: Dei unge, foreldra og tilsette i kommunane, o.a.
2. Gjennomføre ungdata, og anna relevant kartleggingsarbeide med sikte på å etablere ein handlingsplan for innsatsar over tid.
3. Etablere struktur for faste møter mellom kommune, politi, Sartor senter, friviljuge, og andre aktuelle.
4. Styrkje Helsestasjon for ungdom med eit årsverk til å kunne følgje opp spissa innsatsar.
5. Styrkje koordinering av rusførebyggjande innsatsar for ungdom med eitt årsverk m.a. for å ha eit særskilt fokus på dei aller yngste frå 13 – 16 år som vi finn på ungdomskulane.
6. Etter at resultat frå kartlegging, jf. pkt. 2 ligg føre kan det på sikt vurderast å etablerast eit eige rusteam for ungdom.

### 4. Oppstart og framdriftsplan

Etterkvart som førebyggjande innsatsar og tiltak vert etablert er det viktig å få på plass strukturar for samhandling og etablere faste møteplassar for å sikre samordning av innsatsar og tiltak. Rådmannen legg opp til at innsatsar som kjem i gong skal gå over ein tre års periode, der det vert lagt inn t.d. årleg evaluering av innsatsar.

Framdriftsplanen vil kunna tilpassast innsatsar etterkvart som kartlegging og oversikt over heilskapleg utfordingsbilete fell meir på plass.

Tiltak	Tidfesting
Styrkje koordinering av rusførebyggjande innsatsar for ungdom med eitt årsverk m.a. for å ha eit særskilt fokus på dei aller yngste frå 13 – 16 år som vi finn på ungdomskulane.	Innan mars 2019
Styrkje helsestasjon for ungdom med eitt årsverk til å kunne følgje opp spissa innsatsar som t.d. avtale om rusmiddelkontroll.	Innan april 2019
Planleggje og iverksetje ei opplæringspakke med mål å sikre auka kunnskap og kompetanse om rusmiddel og verknader, for aktuelle målgrupper: Dei unge, foreldra og tilsette i kommunane, o.a.	Innan april 2019
Gjennomføre ungdata, og anna relevant kartleggingsarbeide med sikte på å etablere ein konkret handlingsplan for innsatsar over tid. <a href="http://korusbergen.no/index.php/2018/09/10/ungdata-2019/">http://korusbergen.no/index.php/2018/09/10/ungdata-2019/</a>	Innan juli 2019
Etablere struktur for faste møter mellom kommune, politi, Sartor senter, friviljuge, og andre aktuelle	Innan april 2019

## 5. Budsjett

Inntekter	2019	2020	2021
Søknadssum	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Eigeninnsats	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Totale inntekter	2 000 000	2 000 000	2 000 000
<b>Utgifter</b>			
Lønn inkl. sosiale utgifter	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Kompetansehevande tiltak	250 000	250 000	250 000
Ungdata, øvrig kartlegging samt utvikle handlingsplan	250 000	250 000	250 000
Sum utgifter	2 000 000	2 000 000	2 000 000
<b>Resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Signatur rådmann

Straume 29.01.19

Steinar Nesse (sign)  
rådmann

# Prosjektskjønn Søknad

## Søker

Org. nr 951996777  
Navn Fjell Kommune  
Adresse Postboks 184  
5342 Straume  
Norge  
Kontaktperson JANNE MO (janne.mo@fjell.kommune.no)

## Prosjekt

Prosjektnummer 12-19-0007  
Prosjektnavn Digitalisering i omsorgstenesta  
Søknadssum 1200000 kr  
Fra dato 01.08.2019  
Til dato 31.12.2020  
Prioritet 1

## Annen finansiering

kr 1200000 Eigendel kommunar 50%

## Samarbeidspartnere

Navn	Adresse	Kontaktperson
Øygarden Hordaland	ØYgarden Kommune Ternholmvegen 2 5337 Rong Norge	Åse Vik asv@oygarden.kommune.no 93005178
Sund Hordaland	Sund Kommune Postboks 23 5371 Skogsvåg Norge	Marita Hilleren marita.hilleren@sund.kommune.no 56327562

### Utfordringene det skal taes tak i:

Omsorgstenestene i kommunane Fjell, Sund og Øygarden søkte i 2018 om støtte til arbeid med innføring av nasjonalt anbefalte digitale løysingar som Spider og DigiHelse i heimetenestene. Vi fekk avslag då, men søkjer igjen, no for nye Øygarden kommune som skal vera eit digitalt fyrtårn i Vest. Utfordringane ein vil løysa er knytt til trygg informasjonsdeling og kommunikasjon mellom brukar/pårørande og tenestene. Vidare er det behov for å sikra brukarar større grad av kvalitet, medverknad, kontinuitet og presis tenesteleveranse, samstundes som kommunen sin ressursbruk må optimaliserast. Det er digitale løysingar som kommunane er anbefalt å ta i bruk for å møta desse behova og vi ser det som viktig å få starta arbeidet i 2018. Ein må rekna med at full implementering i heile kommune ikkje vil vera fullført innan 2020/2021.

### Styrke kommunen innen rollene:

- Samfunnsutviklar

### Mål og hvordan det skal gjennomføres:

Hovudmål for prosjektet er å skapa ein vinn vinn situasjon for både innbyggjarar og kommune/ heimetenestene. Delmål for brukar og deira pårørande: - opplever auka kvalitet, medverknad og kontinuitet i dei tenester dei mottek - mindre venting på heimetenestene når det gjeld tidspunkt for besøk - opplever at det er mindre gjennomtrekk av tilsette i heimane - opplever at det vert lettare å kommunisera med heimetenestene Heimetenestene - Redusert bruk av sjukepleieressursar knytt til planleggingsarbeid - Betre arbeidsdag for tilsette når oppdrag, dokumentasjonstid, køyretid og pausar er inkludert i arbeidsplan. - Auka kvalitet i tenesteleveransen - meir systematisk fordeling av tilsette ut frå roller og kompetanse - Auka kontinuitet i tenesteleveransen - meir systematisk fordeling av tilsette fører til færre tilsette i heimen - Lettare å kommunisera med brukar/ pårørande på ein trygg måte utan å bruka tid på å nå kvarandre på telefon

### Sektorer prosjektet omfatter:

- Administrasjon og styring
- Pleie og omsorg

### Virkemidler som skal benyttes:

- Interkommunale samarbeid
- Opplæring, erfaringsdeling og diskusjon
- Styringssystemer
- Kommunikasjon og innbyggjarretting
- Planlegging
- Organisatoriske
- Arbeidsmiljø- og personalforvaltningstiltak
- IKT
- Innovasjon

### Begrunnelse for valg av virkemiddel/virkemidler:

For å realisera digitaliseringsprosjekt av denne type, må det takast i bruk svært mange verkemiddel. Når tre kommunar slår seg saman og samstundes skal ta i bruk nye innovative digitale verktøy, vil det krevja endringar i arbeidsoppgåver/ organisasjon, omfattande involvering, planlegging og opplæring med partar som leiarar, tilsette og innbyggjarar som tek i mot tenester. Det er forventa at bruk av digitaliseringsverktøy som Spider vil gje kommunen større moglegheit til å styra tenestene på ein måte som vil koma både innbyggjarar og tenesteytar til gode på ein kostnadseffektiv måte.

### Vedlegg:

[\\_Gevinstrealiseringsrapport logistikk.pdf](#)

[\\_DigiHelse.pdf](#)

[\\_18.01.19 Budsjett digitalisering .pdf](#)

## INTERKOMMUNALT PROSJEKT

### DIGITALISERING I OMSORGSTENESTENE - NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Detaljert prosjektplan vert sendt inn når skjønsmidlane er fordelt.

Utgangspunkt for budsjett - periode 2019-2020

Lønn inkl / sosiale utgifter interkommunale prosjektkoordinatorer	1 200 000
Informasjon og kurs/ opplæring tilsette og innbyggjarar	300 000
Informasjon/ kunngjeringar	100 000
Konsulenttenester	100 000
Administrasjonsutgifter ( husleige, straum, kontorutg, reiseutg)	100 000
Innkjøp av digitale løysingar	600 000
<b>Totalkostnad for prosjekt</b>	<b>2 400 000</b>
<b>INNTEKTER</b>	
Skjønstilskot frå Fylkesmann <b>Midlar det vert søkt om</b>	<b>1 200 000</b>
Eigendel til fordeling mellom kommunane	1 200 000

18.01.19

Janne Mo / Fjell kommune

Prosjektleiar / Rådgjevar

# Prosjektskjønn Søknad

## Søker

Org. nr 938766223  
Navn ØYgarden Kommune  
Adresse Ternholmvegen 2  
5337 Rong  
Norge  
Kontaktperson HELENE FORBERG LEFEVR (hellef@oygarden.kommune.no)

## Prosjekt

Prosjektnummer 12-19-0013  
Prosjektnavn Rehabilitering først  
Søknadssum 4000000 kr  
Fra dato 01.01.2019  
Til dato 31.12.2020  
Prioritet

## Annen finansiering

## Samarbeidspartnere

Navn	Adresse	Kontaktperson
Fjell Hordaland	Fjell Kommune Postboks 184 5342 Straume Norge	Line Barmen line.barmen@fjell.kommune.no 99377018
Sund Hordaland	Sund Kommune Postboks 23 5371 Skogsvåg Norge	Svanhild Forland svanhild.forland@sund.kommune.no 90567445
Bergen Hordaland	Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Hordaland Vestre Strømkaien 7-9 5008 Bergen Norge	
Bergen Hordaland	Helse Bergen Hf Postboks 1400 5021 Bergen Norge	Kjersti Erdal kjersti.erdal@helse-bergen.no 55975000
Oslo Oslo	Vid Vitenskapelige Høgskole As Postboks 184 Vindern 0319 Oslo Norge	Britt Øvrebø Haugland Brittovrebo.Haugland@vid.no 95104795

### Utfordringene det skal taes tak i:

Gjennom samhandlingsreforma får kommunen overført nye oppgaver. Rehabilitering er eit komplekst felt i endring og utvikling, med stort potensial for innovasjon. Overganger er ei stor utfordring, mellom spesialist-helsetenesta og

### Styrke kommunen innen rollene:

- Tjenesteprodusent

kommunalt nivå og mellom nivå internt i kommunen. Dette knytt til koordinering, samordning, informasjon og kompetanse overføring. Utgifter til kompenserande kommunale helse og omsorgstenester aukar dimensjonalt med antal eldre. Derfor behov for dreining i helsetenester mot meir førebygging, mesitring og rehabilitering. Nye krav frå helse og omsorgsdep. til kartleggings-kompetanse. Forsking syner rehabilitering har best effekt når den skjer nært brukar sin heim eller i eigen heim. Og det fungerer best i tilpassa avdelingar når det skjer på institusjon. I dag skjer mye rehabilitering langt frå heimen i spesialisthelseten. eller på lokale sjukeheimsinstit. med lav tverrfagleg rehab.kompetanse. Behov for meir kompetanse og innovative tverrfaglege tilbod.

#### Mål og hvordan det skal gjennomføres:

Utvikle eit innovativt rehabiliteringstilbod på Øygarden lokalmedisinske senter (LMS), knytt til døgn og dag rehabilitering. Styrke overgangar mellom nivå, med vektig av betre samordning og koordinering av tenester. Skape eit paradigmeskifte i kommunalt tankesett og tenesteyting for å sikre dreining i tenestetilbod frå kompenserande til meir rehabiliterande og førebyggjande tilbod. Skape eit heilskapleg og saumlaust rehabiliteringstilbod lokalt, basert på prosesstankegang, effektivitet og kvalitet i alle ledd og tenester. Styrke den generelle og spesialiserte rehabiliteringskompetansen blant tilsette i pleie og omsorg. Styrke den tverrfaglege kartleggingskompetansen knytt til tenestetildeling. Styrke brukarmedverknad gjennom vektig av kva er viktig for den einskilde pasient, og drive systematisk kartlegging av ressursar og rehabiliteringspotensiale før tildeling av tenester. Sikre riktig tilbod. Legge grunnlag for ein lokal kultur som fremmar innovasjon og forskning.

#### Sektorer prosjektet omfatter:

- Administrasjon og styring
- Pleie og omsorg
- Kommunehelse

#### Virkemidler som skal benyttes:

- Interkommunale samarbeid
- Opplæring, erfaringsdeling og diskusjon
- Planlegging
- Organisatoriske
- IKT
- Innovasjon

#### Begrunnelse for valg av virkemiddel/virkemidler:

Sikre betre kvalitet og effektivitet. IKT: Bruk av videokonferanse mellom nivå og mellom tenester. Nytte elektronisk IP i samhandling mellom tenester og nivå. Introdusere velferdstek. tidlig i pasientløp. Effektiv ressursutnytting, kompetanse og info.deling INNOVASJON: Deriing i tankesett og metodikk. Nye og effektive måtar å org. tenester. Samarbeide med forskning. Samskaping med frivillige og ideelle org. Teste ut nye tilbod. OPPLÆRING, ERFARINGSDELING OG DISKUSJON: Utarbeide opplærings

materiell og drive undervisning. Hospitering og ambulante team. Utveksle og etablere lærings-felleskap. Kartleggingskompetanse . Utarbeide metodebok for rehabilitering. ORGANISERE: Nye samarbeidsstrukturar og møtepunkt. Fokus på ressursar, meistrig og førebygging i tenestetildeling. Nye teambaserte tenester. Helsepedagogikk og meistrings tankesett i utforming. PLANLEGGING OG INTERKOMMUNANALT SAMARBEID: Vidareutvikle og vidareføre planarbeid i « Rehabilitering først»

Vedlegg:

[\\_Budsjett rehabilitering først 2019.docx](#)

[\\_Rehabilitering først.pdf](#)

[\\_Pilot, TVERRFAGELEGE VURDERINGSTEAM.docx](#)



# **INFORMASJON OM PILOT OG UTTESTING AV TVERRFAGELEGE VURDERINGSTEAM.**

## **Bakgrunn:**

Sentrale styringsdokument ønsker ei dreining i kommunale helse og omsorgstenester frå kompenserande til meir rehabiliterende.

Styringsdokument « Rehabilitering først» har som mål å skape eit paradigmeskifte i kommunal kompetanse og organisering, med vektlegging av eit rehabiliterande tankesett, førebygging, mestring og kva som er viktig for den einskilde brukar.

Rundskriv frå helse og omsorgsdepartementet datert: 24.07.17 syner kommunane ikkje greier godt nok ut den einskilde søkjar sine ressursar og rehabiliterings og habiliterings potensiale før dei tildelar kompenserande teneseter. Dette representerer økonomiske og etiske utfordringar.

IPLoS er lovpålagt. IPLoS har svakheiter som verktøy i kartlegging hjå brukar. Det er gode erfaringar med andre evidensbaserte kartleggingsverktøy nytta i kvardagsrehabilitering

Generelt er det ein utfordring med monofagleg tilnærming i sakshandsaming, med sterk grad av fagleg skjønn, som kan føre til ulik praksis i tenestetildeling.

Vidare syner tilbakemeldingar frå dei tre kommunane det er for lite dialog mellom sakshandsamarar som handsamar ulike typar søknadar til kommunale helse og omsorgs-tenester. Samt utfordringar med overgangar og å kunne sy saman eit heilskapleg tilbod på tvers av nivå og tenester.

## **Pilot:**

Som pilot under interkommunalt prosjekt « Rehabilitering først» ønsker Øygarden og Sund kommune å teste ut bruk av tverrfaglege vurderings team. Kor hovudregel skal vere at alle tilvisningar og søknadar skal vurderast tverrfagleg i møte med sakshandsamar og team.

Dette i samband med handsaming av søknadar som kan falle inn under Helse og omsorgsteneste loven og Lov om kommunale helsetenester.

Teamet vert heretter kalt helse og rehabiliteringsteam (HRT).

Teamet består av sjukepleiar, ergoterapeut og fysioterapeut, samt vernepleiar \*

HRT har ein leiar. Teamet skal vere ein tverrfagleg ressurs i kartlegging og samarbeide tett med ansvarleg sakshandamar(ar).

Teamet kan også ha ein vurderande funksjon i kartlegging hjå brukar.

Dei lokale HRT har ei sjekklister og ei verktøykasse av testar til bruk under kartlegginga. Som eit supplement til IPLoS. Kartlegginga skal vere tilpassa den einskilde saka si natur

Representantar frå det lokale HRT skal etter avslutta kartlegging heime hjå brukar skrive ein rapport, basert på standardisert krav til innhald. Rapporten vert eit viktig grunnlag for den vidare sakshandsaminga av søknaden.

### **Overordna mål:**

- Betre kvalitet og effektivitet i tenestetildeling.
- Styrke dreining i tenestetilbod frå kompensierende til meir rehabiliterande
- Sikre betre samordna, heilskaplege og koordinerte tenester, som fremmar riktig tilbod, til riktig tid, i riktig omfang, på riktig nivå.

### **Delmål:**

- Sikre at alle søkjarar får vurdert sine ressursar og rehabiliterings potensiale tverrfagleg, basert på kva som er viktig for den einkilde.
- Bidra til tidleg innsats og førebygging
- Fremme betre forventingsavklaring mellom offentlige tenester og brukar/nettverk.

### **Tidsrom og evaluering:**

Piloten skal gjennomførast frå uke 50- 2018 til veke 8- 2019. Piloten skal ende ut i ein rapport som skal ferdigstillast i februar 2019, basert på kvalitative og kvantitative målingar, som tek omsyn til ulike kvalitet og effektivitetsperspektiv, mellom anna brukaroppleving.

Øygarden, 03.januar, 2019

Helene Forberg Lefevr

Prosjektleder « Rehabilitering først»



**INTERKOMMUNALT PROSJEKT  
REHABILITERING FØRST - NYE ØYGARDEN KOMMUNE  
BUDSJETT 2019**

<b>UTGIFT</b>	<b>BELØP</b>
LØN/SOSIALE UTGIFTER PROSJEKTLEIAR (1 ÅRSVERK)	750 000
LØN/SOSIALE UTGIFTER PROSJEKTGRUPPE (5 PERS/12 MND A 2 DAGAR)	500 000
LØN/SOSIALE UTGIFTER TVERRFAGLEG VURDERINGSTEAM, TILSAMAN 1 ÅRSVERK	700 000
LØN/SOS.UTG NYE REHABILITERINGSTILTAK (DAG OG DØGN) LOKALMEDISINSK SENTER	6 000 000
REKRUTTERING, TILSETJING, ANNONSERING, LØNSUTGIFTER	500 000
ADMINISTRASJONSUTGIFTER (HUSLEIGE, STRAUM, KONTORUTG M.M.)	80 000
REISEUTGIFTER MELLOM KOMMUNANE	70 000
EKSKURSJONAR, KURS, OPPLÆRING	100 000
<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>8 700 000</b>
<b>FINANSIERING</b>	
SKJØNSTILSKOT FRÅ FYLKESMANNEN, JF SØKNAD	4 000 000
EIGENDEL TIL FORDELING MELLOM KOMMUNANE	4 700 000



## MØTEPLAN REGIONRÅDET VEST 2019

MØTE	DATO	STAD
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	7.januar (13:00-15:00) 21.januar (13:00 -15:00)	Fjell Sund
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	11.februar (12:30 –15:00)	Fjell Fjell/Skjenet
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	20.mai ( 13.00-15.00) 03.juni (12.00- 14.00)	Fjell Øygarden
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	19. august (13:00 –15:00) 02. september (13-15:00)	Fjell Sund